



DEN NORSKE KYRKJA

Lærdal sokneråd

INNKALLING

Møtedato: 19.09.2018

Møtestad: Kyrkjestova

Møtetid: Kl. 18:00-21:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå skriftleg til ellen.veum@laerdal.kommune.no så snart råd.

Varamedlemer møter etter nærmere innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering
028/18	Godkjenning av innkalling og sakliste	
029/18	Godkjenning av Møteprotokoll	
030/18	Plan for kyrkjer og gravplassar 2019-2022	
031/18	Lærdal sokneråd - budsjett 2019	
032/18	Godkjenning av gudstenesteliste 2019 og tildeling av offer	
033/18	Referatsaker	

Lærdal sokneråd

11.09.2018

Audun Mo

Leiar

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/18	Lærdal sokneråd	19.09.2018

Sakshandsamar: Ellen Veum	Arkiv:	Arkivsaksnr. 18/617 - 1
---------------------------	--------	-------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/18	Lærdal sokneråd	19.09.2018

Sakshandsamar: Ellen Veum **Arkiv:** **Arkivsaksnr.** 18/617 - 2

Godkjenning av Møteprotokoll

Møteprotokoll 28.06.18 vert godkjend, følgjande to vert valt til å skrive under;

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/18	Lærdal sokneråd	19.09.2018

Sakshandsamar: Ellen Veum **Arkiv:** KFN - 410 **Arkivsaksnr.** 12/796 - 3

Plan for kyrkjer og gravplassar 2019-2022

Kort samandrag:

Lærdal sokneråd forvaltar tre kyrkjer med tilhøyrande gravplass i Lærdal. Det er utarbeida framlegg til; «Plan for kyrkjer og gravplassar i Lærdal» som ligg vedlagt saka. Planen vart sist vedteke i 2012 og er justert i høve den. Det vil stadig vere trøng større og mindre vedlikehaldsarbeid på anlegga, og soknerådet vil i denne saka ta stilling til kva tiltak som skal prioriterast dei kommande åra. For dei fleste tiltaka vil det deretter verte utarbeida eigne saker i høve den vidare oppfølginga.

Tiltaka må deretter inn i budsjett og økonomiplan og søkjast midlar om hjå kommunen jamfør kyrkjelova § 15.

Kyrkjeverja si tilråding:

Lærdal sokneråd vedtek plan for kyrkjer og gravplassar 2019-2022 slik den ligg vedlagt og datert 19.09.18. Soknerådet vedtek den prioriteringa som kjem fram av same plan slik den ligg føre. Kyrkjeverja føl opp tiltaka i eigne saker.

Vedlegg:

Plan for kyrkjer og kyrkjegardar i Lærdal 2019-2022

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

Økonomiske konsekvensar

Vurdering

PLAN FOR KYRKJER OG GRAVPLASSAR

2019–2022



INNLEIING


Sidan førre gong planen vart vedteke i 2012 er Lærdal blitt til eitt sokn; Lærdal sokn. På grunnlag av tidlegare sokneinndeling har vi tre kyrkjer i Lærdal; Hauge kyrkje, Tønjum kyrkje og Borgund kyrkje med tilhøyrande gravplassar. I tillegg er det stavkyrkja frå ca. 1150-talet som fortidsminneforeininga eig og som har ansvaret for å drifta. Dei andre kyrkjene og gravplassane er det soknet som eig og som soknerådet har drift og vedlikehaldsansvar for. For å vedlikehald og drifta kyrkjer og gravplassar for vi løyving frå kommunen jamføre kyrkjelova § 15.

VISJONEN TIL SOKNERÅDET

Dei som besøker kyrkjene og gravplassane skal oppleve bygg og anlegg som godt vedlikehalde. Kyrkjene og gravplassane er ein heilag stad som skal vere prega av ro, harmoni og kvalitet. Kyrkjene og gravplassane skal vere tilgjengeleg for rørslehemma. Dette skal ligge til grunn for plan for kyrkjer og gravplassar i Lærdal.

HAUGE KYRKJE

Hauge kyrkje stod ferdig bygd i 1869 etter teikningar av arkitekt Eilert Christian Brodtkorb Christie. Hauge kyrkje er ei langkyrkje i tre med om lag 350 sitjeplassar. Kyrkja er den einaste kyrkja i fylket med to tårn. Fyrst i 1876 vart kyrkja måla innvending og utvendig.



Utvendig vart kyrkja sist måla i 2009 av Sjøthun Bygg AS. Samstundes som kyrkja vart måla, vart det skift ut kledning som hadde roteskade. I etterkant har nedre del og tårna vore vaska. Kyrkja blir lett utsett for sopp, spesielt på tårna som skrår ut nede får lett soppskader. Nedre del av kyrkja må igjen vaskast og enkelte parti må skrapast og målast.

Kyrkja vart sist måla innvending i 1997 og vårt då tilbakeførd til dei opphavlege fargane. Målinga har holde seg godt og det er ikkje trond for å måle kyrkja innvending i planperioden. Kyrkja fekk lagt nytt golv på 1960 talet. Tregolvet er lakka og det byrjar å sjå svært slitt ut. I planperioden er det ynskeleg å utbetre golvet, det er framlegg om å slipe det ned og lakke

eller måle det på ny. Nokre av dørene har byrja å trotne, med relativt stort kalderas og slitte låsar.

Det er kjøpt inn nye puter til kyrkjebenkane og ny løpar i fargen grå. Vi har fått nytt prekestolklede i alle dei liturgiske fargane.

Orgelet i kyrkja fungerer ganske bra, tidlegare hadde vi årleg kontroll og vedlikehald av orgelet. Dette har ikkje vore prioritert økonomisk dei siste åra og dette ber orgelet preg av. Orgelstemmaren har ynskje om å bygge ut orgelet. Orgelet er vanskeleg å stemme (det er trøngt og vanskeleg å komme til) og det kunne ha hatt fleire tonar. Å bygge ut orgelet vil vere eit omfattande arbeid og ikkje minst kostnadskrevjande. Å bygge ut orgelet er ikkje lagt inn som eit prioritert tiltak i planen.

Det har blitt fjerna benker bak i kyrkja for å lage ein barnekrok og for å få betre plass til kyrkjekaffien. Det hadde òg vore eit føremøn å kunne ta vekk nokre av dei fremste benkane i kyrkja. Det er eit mål å gjere kyrkjene mest mogeleg tilgjengeleg for rullestolbrukarar og i dag er det eit problem at det er så trøngt framme ved koret. I spesielle gudstenester eller andre forsamlingar der ein veit det kjem mykje folk kan ein setje fram stolar som er tilpassa arkitekturen elles i kyrkja. Vi har søkt Riksantikvaren om å få ta ut benkar men har fått avslag på dette.

HAUGE GRAVPLASS

Gravplassen vart omregulert i 1995 og alle gravene og gravlagde er registrert inn på kart både manuelt og elektronisk.

Våren 2004 vurderte ein alle trea på gravplassen og kom fram til følgjande: Det er mange store tre på gravplassen og mange av desse treng standard trepleie. Det vil seie at ein fjernar døde kvistar og tynner kronene. Nokre av trea bør ein fjerne og heller plante nye. Hausten 2004 føretok Sigurd Sondre Huvestad eit større beskjulingsarbeide på trea. Kronene vart løfta og tynna betydeleg, og gravplassen fekk eit mykje lysare og opnare preg. Det er no trøng for nytt vedlikehald og ny vurderinga av trea. Det kunne vore turvande å fjerne enno fleire tre. Dette kostnadskrevjande sidan dei er so store og det er fare for at ein under fellingsarbeidet skader gravminne og bygg. Det er ikkje planta nye tre på kyrkjegarden dei siste åra.

Gjerdet rundt gravplassen vart sist måla i 2004. Gjerdet har deretter vore vaska og vi har "flikka" på målinga. Gjerdet skulle vore vaska og måla på ny da det dannar seg mykje sopp. Det ser no svært svart ut og dette er fyrst og fremst sopp.



Vasspostar og avfallplassar har veldig enkel standard som tener sin funksjon, men som kunne ha vore mykje meir estetisk utforma.

Vegen inn mot inngangspartiet er utbetra med fastare dekke slik at det er mogleg for rullestolbrukarar å kome seg fram utan hjelp. Grusgangane gror igjen med ugras og vi har ikkje hatt kapasitet til halde desse ved like. Grusgangane burde vore skifta ut med fastare dekke som skiferheller.

Kyrkjestova har vore bygd ut i to byggetrinn i 2009 og i 2016. Alle tilsette har fått kontor i kyrkjestova, kjøkkenet og møtesalen er blitt større. Vi er godt nøgd med å kunne ta kyrkjestova i bruk, og denne vert bruk mykje til møter og samlingar for barn og unge. Ingen av dei andre kyrkjene har tilknytt tilsvarande bygg.

TØNJUM KYRKJE

Tønjum sokn fekk i 1832 ny kyrkje, den tidlegare stavkyrkja hadde blåst ned i eit stormkast 12. Januar 1823. Dette er den einaste krosskyrkja i Sogn og den har om lag 150 sitjeplassar. Kyrkja er også interessant arkitektonisk - og liturgihistorisk, då talarstolen opphavleg var plassert over alterert. Det var Tøger Kirkebygger frå Hafslo som utførte arbeidet. Kyrkja vart innvigd 30. September 1832. Koret stod ferdig 1837 og kyrkja vart måla innvendig. Tårnet på kyrkja var høgda og panelert i 1871.

Det vart lagt nytt tak på kyrkja i 2000. Kyrkja vart måla raud utvendig i 2003, før den tid var kyrkja kvit. I 2004 skifta ein alle inngangsdører og trappa vart utbetra og ein fekk rullestollampe. Bygget er forma slik at det skrår utover nede. Dette har medført avflassing av måling nede på veggen på grunn av vass slitasje. Då ein måla kyrkja monterte ein samstundes takrenner for å unngå dette problemet. Kyrkja vart sist måla i 2013 og det er ikkje trong for måling i planperioden.



Kyrkja da den stod ferdig måla i 2003



Deretter vart den måla i 2013

Kyrkja vart sist måla innvending i 1991. Det vart samstundes føreteke kontroll av det elektriske anlegget og det vart lagt opp ein del nye leidningar. Målinga har halde seg godt og i planperioden er det berre trong for mindre vedlikehald.

Det vart lagt nytt golv i kyrkja på 1960 talet, dette er slipt og ubehandla tregolv. Det kan vere turvande å lakkere/måle golvet, då det er tungt å reingjere kyrkja. Golvet ser grått og svart ut, sjølv om det er nyvaska.

Det vart bygd nytt orgel i kyrkja i 1991 og det var i starten mykje misnøye med dette. Orgelet i kyrkja fungerer no greitt, det er sporadisk kontroll av orgelet.

TØNJUM GRAVPLASS

Gravplassen vart omregulert i 1995 og alle gravene og gravlagde er registrert inn på kart både manuelt og elektronisk.

Benkane er prega av slitasje og bør skiftast ut om nokre år, eventuelt måle nokon av dei. Vasspostar og avfallplassar har ein heilt enkle standard som tener sin funksjon, men som kunne hatt ei mykje finare utforming.

Gjerde rundt gravplassen vart måla på dognad sommaren 2017 og det framstår som nytt. Det vart samstundes retta opp og øydelagde spiler vart skifta ut.

BORGUND KYRKJE

Den gamle stavkyrkja på Borgund vart i 1866 selt til Fortidsminneforeininga, mot at dei betalte 2/3 av kjøpesummen til ny kyrkje. Årsaka til at ein måtte bygge ny kyrkje på Borgund, var at den gamle var for lita etter lova frå 1851 som sa at kyrkjene i riket skulle kunne romme 1/3 av folkesetnaden i soknet. Fortidsminneforeininga fekk arkitekten Chr. Christie til å utarbeide teikningar til kyrkja. I august 1868 vart kyrkja vigsla. Nye kyrkja var laga av spesialiserte handverkarar frå Christiania; ho var ei panelert bindingsverk-kyrkje med kunstnarlege ambisjonar. På lik line med Hauge kyrkje er nye kyrkja på Borgund i ny-gotisk stil. Kyrkja er ei langkyrkje i tre med om lag 150 sitjeplassar.



Kyrkja vart måla i 2006



Målinga byrjar no å bli svært slitt

Kyrkja vart måla både utvendig og innvendig i 1993 til 125-års jubileet. I 1999 utarbeida Arkitektkontoret 4B ein tilstand- og vedlikehaldsrapport i høve kyrkja. På bakgrunn av rapporten vart det 2001 utførte ein del arbeid på kyrkja. Det vart lagt nye heller på deler av taket og kyrkja vart måla frå det nedre taket og opp (også listevertet på vindauge). Resten av kyrkja vart ferdigmåla i 2006. Målinga byrjar no å miste glansen, og er blitt slitt heilt ned på trevikre enkelte plassar. Det er ynskeleg å måle kyrkja i 2019.

Målinga innvendig har byrje å flasse litt nokre stader, men det er ikkje lagt inn måling av kyrkja innvendig i planperioden. Liks med dei andre kyrkjene ser golvet stygt ut. Golvet vart lagt omlag på 1960 talet, og er eit lakka tregolv. Golvet bør slipast og lakkast på ny, eventuelt

slipast og målast. Golvet i Borgund kyrkje vert vurdert som i dårligast stand av dei tre kyrkjene.



Orgelet i kyrkja fungerer ganske bra, tidlegare hadde vi årleg kontroll og vedlikehald av orgelet. Dette har ikkje vore prioritert økonomisk dei siste åra og dette ber orgelet preg av. Orgelstemmaren har meldt frå om at blåsebelgen bør skiftast då skinnet er blitt svært tørt og snart kan ryke.

Det er ikkje eige rullestolrampe inn til kyrkja, ved kyrkjeleg handlingar vert det lagt skinner om rullestolbrukarar kan nytte.

BORGUND GRAVPLASS

I 2006 var utvidinga av gravplassen på Borgund ferdigstilt med om lag 100 nye gravar. Det gamle gjerdet rundt "nye" delen vart fjerna og erstatta med nytt. Det vart sett krav om at alle nye gravminne på den nye delen av gravplassen skulle vere liggande. På den gamle delen av gravplassen vart det sett eige vilkår for utsjåande til gravminne. Ein del av gravene inn mot stavkyrkja er teken ut av bruk.

Det er trong for større lagringsplass på gravplassen for gravplassutstyr. "Stallen" som vi i dag nyttar til å lagre reiskap er for liten. Sjølv om vi no har fjerna toalettet og fått større lagringsplass, er det framleis svært tungvint og arbeidsbelastande å lagre utstyr her. Det er ynskjeleg å setje opp eit lagerbygg i øvre hjørne av gravplassen, for å få løyve til dette må vi søkje om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

På gamle delen av kyrkjegarden er det ein del tre som er planta inne blandt gravene og som det kunne vore turvande å fjerne. Nokon av desse er so store at vi bør leige særskild hjelp til dette arbeidet.

Framlegg om plassering av nytt lagerbygg, hjørne av kyrkjegarden



Båre og servicehuset på Borgund er bygd om til servicehus med toalett for tilsette, toalett for rullestol-brukarar, personalrom og lagerrom. Vi har fått ført opp reint drikke- vatn frå besøkssenteret slik at vi har drikkevatn i servicehuset. På gravplassen er det framleis vatn frå elvi.



Muren rundt stavkyrkja har på enkelte stader byrja å sige ut og det bør vurderast tiltak for å sikre/bygge opp att denne.

Det er blitt lagt nytt vegdekke frå nye kyrkja og ned mot parkeringsplassen og vi har fått port og gjerde.

FELLES FOR KYRKJENE

Det er montert alarmanlegg for innbrot og brann i alle kyrkjene og det vert utført årleg kontroll av anlegget. Kirkelig arbeids- og interesseorganisasjon utført el-kontroll i alle kyrkjene i landet i 2010/11 og dei feila som kom fram der er utbetra. Det er mellom anna

montert gitter over alle røyromnane, då røyromnane hadde alt for høg overflate temperatur. Kyrkjetenaren gjennomfører kvart år eigenkontroll av det elektriske anlegget i kyrkja. Lærdal sokneråd har vedteke plan for brannsikring av kyrkjene. I 2017 fekk me brannslangeskap på Hauge gravplass og i 2018 fekk me innvendig og utvendig slokkeanlegg i Borgund kyrkje.

Det er montert temperaturstyringsanlegg i kyrkja i og kyrkjetenaren kan regulerer varmen. Det går likevel mykje straum til å varme opp kyrkja, då det er høgt under taket og varmen stig opp. I Tønjum er det ikkje like høgt under taket og vi bruker mykje mindre straum. Det har vore drøfta ved fleire høve om vi kan gjere andre tiltak for å spare straum, men pr. i dag har vi ingen konkrete planar.

Til liks med andre offentlege bygg er det for kyrkjene krav om universalutforming og at kyrkjene og gravplassane skal vere tilgjengelege for alle. Vi ser at det er vanskeleg for rørslehemma å kome seg fram på grusvegane på kyrkjegardane på Hauge og Tønjum kyrkje. Det vil vere turvande å legge eit anna fast dekke som gjer det enklare å kome seg fram.

TILTAK

Soknerådet har prioritert følgjande nødvendige tiltak og innarbeider desse i økonomiplanen. For tiltak som kostar kr. 50.000 eller meir søker vi kommunen om tilskot for å få gjennomført tiltaket.

KYRKJER OG GRAVPLASSAR - PRIORITERING

NR	TILTAK	2019	2020	2021	2022
1.	Borgund kyrkje: måle den utvendig	Kr. 400.000			
2.	Hauge kyrkje: vaske og måle nedre del	Kr. 100.000			
3.	Hauge gravplass: vedlikehald og måling av gjerde	Kr. 300.000			
4.	Hauge kyrkje: utbetre dørane		Kr. 100.000		
5.	Borgund kyrkje: utbetring av orgel		Kr. 100.000		
6.	Borgund kyrkje: vedlikehald av golv		Kr. 100.000		
7.	Tønjum kyrkje: vedlikehald av golv		Kr. 100.000		
8.	Hauge kyrkje: vedlikehald av golv		Kr. 100.000		
9.	Hauge gravplass: nytt vegdekke gangvegar			Kr. 300.000	
10.	Tønjum gravplass: nytt vegdekke inngang			Kr. 100.000	
11.	Borgund gravplass: nytt lagerbygg				Kr. 400.000
	Sum	Kr. 700.00	Kr. 500.000	Kr. 400.000	Kr. 400.000

Beløpa er estimert i høve tidlegare vedlikehaldsprosjekt, samt at arbeid skal utførast av firma og ikkje eigne tilsette eller frivillige.
Årlig ettersyn og vedlikehald av orgel er lagt inn i budsjett for 2019, det same gjeld trepleie.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/18	Lærdal sokneråd	19.09.2018

Sakshandsamar: Ellen Veum **Arkiv:** KFN - 112 **Arkivsaksnr.** 18/597 - 1

Lærdal sokneråd - budsjett 2019

Kort samandrag:

Lærdal sokneråd skal kvart år vedta budsjett for det kommande året. Budsjettet skal omfatte heile rådet sitt virke og gje ein realistisk oversikt over sannsynlege utgifter og inntekter og prioriterte oppgåver i året som kjem. Det er kyrkjelova som regulerer soknerådet sine oppgåver og ansvarsområde.

Jamføre kyrkjelova paragraf 15 løyver kommune ei rammeoverføring til kyrkja etter budsjettframlegg frå soknerådet. Løyvinga frå kommunen er merkbart redusert dei siste åra og kjem fram av taballen nedanfor:

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
3.100.000	3.100.000	2.900.000	2.830.000	2.900.000	2.720.000	2.440.000	2.465.000

For i møtekome nye økonomiske vilkår har soknerådet mellom anna vedteke å redusere staben med 0.75 årsverk. Frå å vere ein stab på 3,6 årsverk er vi no 2,85 årsverk som i lag med soknepresten har ansvar for å ivareta alle oppgåvene til kyrkja.

Arbeidsutvalet har drøfta budsjett for 2019 og er samde om å søkje kommunen om å auke løyvinga med kr. 120.000 for 2019. Grunngjevinga kjem fram i saksutgreiinga nedanfor. Men auken skal i hovudsak gå til lønsvekst 2018/19, auka kostnader knytt til straum og graving av graver, samt til vedlikehald av kyrkjene og gravplassane.

Arbeidsutvalte ynskjer òg å søkje Lærdal kommune om kr. 400.000 til måling av Borgund nye kyrkje og kr. 400.000 til måling av nedre del av Hauge kyrkje og spilegjerdet rundt gravplassen.

Kyrkjeverja si tilråding:

Lærdal sokneråd søker Lærdal kommune om ei kommunal løyving pålydande kr. 2.585.000 til drift i 2019. I tillegg søker vi om kr. 400.000 til måling av Borgund kyrkje og kr. 400.000 til måling av nedre delen av Hauge kyrkje og vedlikehald/måling av spilegjerde rundt

gravplassen.

Vedlegg:

Økonomirapport pr 31.08.18

Budsjett 2019 med auke

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Etter kyrkjelova § 15 har kommunen følgjande økonomisk ansvar:

Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:

- a. *utgifter til bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer*
- b. *utgifter til anlegg og drift av gravplassar*
- c. *utgifter til stillingar for kyrkjetenar, klokkar, organist/kantor ved kvar kyrkje og til dagleg leiar av kyrkeleg fellersåd.*
- d. *Driftsutgifter for fellesråd og sokneråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold.*
- e. *Utgifter til lokar, utstyr og materiell for konfirmasjonsopplæring*
- f. *Utgifter til kontorhold for prester.*

Fellesrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

Etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.

Representant for kirkelig fellesråd kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet.

Saksutgreiing

Lærdal sokneråd sitt budsjett er sett opp etter forskrift om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd. Budsjettet er delt inn i funksjonsinndeling:

Funksjon 4100 kyrkjeleg administrasjon: utgifter/inntekter som er relatert til drift av sokneråd og tilhøyrande administrasjon, løn til kyrkjeleverje, møtegodtgjersle til sokneråde, kontorutgifter, kontingentar med meir førast her.

Lærdal sokneråd har redusert kyrkjeleverjestillinga frå 95 til 80 % stilling. Dette medfører mellom anna at kyrkjekontoret er stengt ein dag i veka (fredag). Andre tilsette kan nåast på tlf. Sokneråd og publikum må forvente lengre sakshandsamingstid. Det vert mindre møteverksemd både for sokneråd og stab. Ikkje lovpålagte oppgåver vil ikkje bli prioritert.

Funksjonen er auka med forventa lønsvekst og eigenkapitalinnskot (KLP).

Funksjon kyrkjemusikk 4200: utgifter/inntekter knytt til kyrkjemusikk.

Lærdal sokneråd har redusert kyrkjemusikkarstillinga frå 50 til 30 % stilling. Dette medfører at vi ikkje kan tilby like mange faste gravferdsdagar som før. Vi har tidlegare hatt faste gravferdsdagar tysdag og fredag. Vi vil ikkje lenger kunne tilby barnekor, eller at kyrkjemusikaren deltek i barne- og ungdomsarbeidet.

Funksjonen er auka med forventa lønsvekst. Det er ikkje lagt inn utgifter knytt til markering av at Hauge kyrkje er 150 år i 2019.

Funksjon kyrkjer 4210: utgifter/inntekter til drift og vedlikehald av kyrkjer, stillingar for kyrkjetenar, alarmanlegg, inventar, utstyr og liknande. Utgifter til gudstenester vert òg ført her.

Lærdal sokneråd har redusert kyrkjetenarstillingane med tilsaman 30 % (frå 1.65 årsverk til 1.35), 15 % vert redusert under kyrkjer. Utgifter knytt til vedlikehald er redusert til eit minimum. Vi har mellom anna ikkje økonomi til årleg kontroll og vedlikehald av orgel. Vi har heller ikkje nok tilsettressursar til å gjennomføre mindre vedlikehald som vi kunne utført sjølve.

Vi har om lag 45 gudstenester i året og vi kan ikkje redusere dette talet noko meir (vi hadde tidlegare over 60 gudstenester i året). For brurefolk som ikkje er busett i kommunen tek vi ei avgift på kr. 4000 for lån av kyrkja og tilsette sine tenester.

Funksjonen er auka med:

- *Forventa lønsauka*
- *Meir til straum*
- *Meir til vedlikehald (bygg, orgel med meir). I 2018 var dette busjettert til kr. 23.000 for tre kyrkjer og det er urealistisk budsjettering over lengre tid.*

Funksjon kyrkjestova 4211: utgifter/inntekter til drift og vedlikehald av kyrkjestova.

I standen for å betale husleige til kommunen for kontora våre, betaler vi no ned på eige lån. Vi leiger ut kyrkjestova til selskap og møteverksemd. Vi har fått eit funksjonelt bygg til å drive kyrjeleg arbeid.

Det er lagt inn auke i driftkostnader for 2019, men det er også lagt inn auke i leigeinntekter slik at dette er forventa å gå i balanse.

Funksjon gravplass 4310: utgifter/inntekter knytt til drift og vedlikehald av gravplassar. Løn til kyrkjetenar og betaling til gravar kjem inn under denne funksjonen.

15 % av reduksjonen til kyrkjetenarstillinga vert ført under gravplass. Dette medfører at vi ikkje kan ivareta plenstellet like godt som før. Pårørande må halde det fint rundt eige gravminne (kantkluppe), det blir lengre intervallar mellom kvar gong graset blir klypt og det blir mindre vatning. Trepleie og vedlikehald av gangvegar har vi ikkje fått tid til i år.

For gravferd der den avdøde ikkje er busett i kommunen tek vi ei avgift på kr. 8.500 for lån av kyrkja og opptak av grav. Festeavgifta er auka frå kr. 800 til kr. 1000 pr. grav for 10 år.

Funksjonen er auka med:

- *Forventa lønsauka*
- *Vi har gjennom mange år hatt god avtale med Ola Myrmel om graving av graver på gravplassane i Lærdal. I 2018 har vi henta inn pris på graving av graver og fekk inn to like tilbod. Ved å engasjere ny gravar har vi fått ein auke på kr. 30.000 i gravearbeid.*
- *Meir til vedlikehald av anlegg og utstyr. I 2018 var dette busjettert med kr. 20.000 for tre gravplassar, dette er urealistisk budsjettering over lengre tid. Vi må mellom ha ettersyn/trepleie på Hauge gravplass. Dette veit vi er kostnadskrevjande arbeid. I tillegg er det mogleg at det er trøng for ny plentraktor til ein av gravplassane.*

Funksjon anna 4400 kyrkjeleg verksemd: utgifter/inntekter knytt til undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og anna kyrkjeleg verksemd.

Under denne funksjonen har Lærdal sokneråd dei siste åra prioritert barn- og unge. Med unnatak av andakt på LAS og tilrettelagt gudsteneste har vi ikkje tilbod til dei eldre. Frivilligfesten vert ført under denne funksjonen, dei frivillige er ein kjempeviktig ressurs for å klare å gjennomføre alle oppgåvene til kyrkja.

Lærdal sokneråd har redusert trusopplærarstillinga frå 50 til 40 % stilling. I tillegg har Aurland kyrkjestyre sagt opp avtalen med Lærdal om felles trusopplærering og stilling slik at den tilsette har fått redusert stillinga si frå 100 til 40 % (Lærdal sokneråd hadde arbeidsgjevaransvar for heile stillinga).

Lærdal sokneråd skal tilby 315 trusopplærerstimar til alle mellom 0-18 år, konfirmasjonsførebuinga er ein del av dette. For å gjennomføre dette får vi kr. 150.000 i sentrale midlar. Dette skal gå til nye tiltak for å få eit fullskala tilbod frå 0-18 år. Midlar som kommunen tildegar løyvde til dåp, fire årstiltak, konfirmantundervisning med meir skal framleis gå av den kommunale løyvinga.

Som ein konsekvens av mindre stilling og mindre midlar til aktivitet har soknerådet vedteke å erstatte sommarleir på Nesholmen med klubbtildob i kyrkjestova. Vinterfestival på Voss for konfirmantar vert erstatta med helgetilbod i Lærdal. Vi vil og tilby open kyrkjestove med aktivitetar natt til 16. Mai.

Det er ikkje lagt inn auke i budsjettet for 2019 i høve forventa lønsauke, vi har reduserte kostnader til aktivitet sidan det ikkje blir sommarleir eller Vinterfestival på Voss.

Utfordringar

Personale

På bakgrunn av redusert kommunal løyving har soknerådet redusert staben med 0.75 % årsverk. Tilsette har fått redusert stillingane sine, men pr i dag har vi ikkje vakanse. Aurland kyrkjestyre har lyst ut 30% trusopplærarstilling utan å få tilsett nokon. Lærdal sokneråd vil og kunne få store utfordringar den dagen det blir vakanse hjå oss. Kyrkjemusikarstillinga er 30 %, trusopplærarstillinga er 40 %, den minset kyrkjetenarstillinga er 50 % og dagleg leiar/kyrkjeverje har 80 % stilling. Det er ikkje lagt inn auke i stillingar i budsjettframlegg for 2019.

Vedlikehald

Soknerådet har ansvar for tre eldre flotte kyrkjer og tilhøyrande gravplassar. Kyrkjene er listeført hjå Riksantikvaren, noko som medførar at vedlikehald gjerne blir dyrare å gjennomføre. I 2018 er det budsjettet med kr 45000 til vedlikehald av kyrkjer, gravplassar og utstyr. Dette er urealistisk budsjettering over år. Og i 2019 er dette auka med kr. 50.000, framleis er dette truleg ikkje nok til årleg mindre vedlikehald. Trepleie og ettersyn/vedlikehald av orgel er nemnt tidlegare, men det er heile tida nye ting som ein må ta igjen og halde vedlike.


Kyrkjelege handlingar

Med mindre personalressursar og mindre til drift ser vi at vi er i grenseland i høve å få gjennomført lovpålagte aktiviteter etter gjelande lovverk (t.d. gravferd). Soknerådet har ansvar for å tilrettelegge for kyrkeleg handlingar og gode møtepunkt mellom folk og

kyrkja. Som nemnt ovanfor kunne dette arbeidet vore mykje meir omfattande enn det som det er i dag. Vi burde hatt meir ressursar til å gjennomføre gudstenestene, og vi burde hatt ressursar til å vareta dei eldre på ein betre måte.

Borgund kyrkje

Borgund kyrkje vart sist måla i 2006 og målinga byrja no å bli veldig slitt



Det er vanskeleg å prissette arbeidet. Vi må bruke lift for å måle øvre del av kyrkja og nytte linoljemåling sidan dette er ei listeført kyrkje hjå Riksantivaren. Skal bord skiftast ut må dei erstattast av tilsvarande materiale. Ut i frå erfaring med tidlegare prosjekt søker vi kommunen om kr. 400.000 til dette arbeidet. Nokre stader tek kommunen ansvar for arbeidet i staden for å løyve midlar, dette kan òg vere aktuelt i Lærdal om kommunen har folk og utstyr til å ta på seg arbeidet (tenesteyting i staden for løyving jamføre kyrkjelova).

Hauge kyrkje og spiegelgjerde rundt gravplass

Hauge kyrkje har òg trong for vedlikehald av nedre del av kyrkja. Målinga er òg her byrja å flasse av på vannborda og det er kome sopp på tårna. I tillegg må heile gjerde rundt gravplassen vedlikehaldast og målast. Spiler er rotne og heile gjerde må vaskast/målast. Vi søker òg om kr. 400.000 til dette prosjektet. Lærdal kommune kan òg her ta ansvar for prosjektet i staden for å løyve midlar.



ØKONOMIRAPPORT PR. 31.08.2018

I framlegg til budsjett for 2019 kjem vedteke budsjett for 2018 og rekneskapstal pr 31.08.18 fram.

Rekneskapen syner følgjande avvik i høve budsjett:

Funksjon 4100

Vi har brukt kr. 20.000 til vikarhjelp (sak om omorganisering – løn til leiar og nestleiar), eigenkapital KLP og revisjon er tilsaman kr. 6.000 høgare enn budsjettert. Vi vil i tillegg få kostnader knytt til kyrkjejubileumet som ikkje er ført med kr. 18.000 (jubileumshefte og servering).

På inntektssida har vi meir i refusjon frå andre enn budsjettert (frikjøp av kyrkjeverje). Vi kan forvente å få kr. 20.000 i tillegg i refusjon frå andre som ikkje er ført.

Uforutsett kostnader og inntekter vil om lag gå i balanse.

Funksjon 4200

Vi får om lag kr. 20.000 i ikkje budsjettert utgifter knytt til jubileumskonserten med Sigrid Moldestad. I tillegg er det budsjettert med at kyrkjemusikkar skal arranger konsert og få inn kr. 15.000, pr i dag har det ikkje vore slik konsert. Longhorn skal ha konsert i Borgund kyrkje 28.09 og noko av billettinntektene vil kome kyrkja til gode.

Pr. i dag kan vi forvente at funksjonen vil ha om lag kr. 20.000 i meirforbruk.

Funksjon 4210

Det er budsjettert med kr. 110.000 i straum og vi har pr i dag bruk kr. 85.000

Pr. i dag kan vi forvente at funksjonen vil ha om lag kr. 20.000 i meirforbruk.

Funksjon 4211

Vi har brukt litt meir enn budsjettert samstundes som vi har fått meir i leige inntekter.

Funksjon 4310

Det er budsjettert med kr. 120.000 i gravinga av graver, med 22 gravferder i året. Vi har hatt 20 gravferder so langt og prisen pr grav er dyrare enn budsjettert. Festeavgift er ikkje kravd inn enno og vil kome som forventa inntekt sjølv om den ikkje er ført.

Pr. i dag kan vi forvente at funksjonen vil ha om lag kr. 20.000 i meirforbruk

Funksjon 440-4414

Det er ikkje uventa kostnader eller inntekter.

Budsjett 2019

Funksjon/Ter 4100 KYRKJELEG ADMINISTRASJON

	#	2019	2018 REKNESKAP	
30100 FAST LØN		440000	432000	280293
30200 VIKARHJELP				20000
30800 MØTEGODTGJERSLE		50000	50000	26200
30900 PENSJONSINNSKOT		63700	63000	40852
30950 KOLLEKTIV ULYKKES OG GRUPPELIVSFORS.		1000	1000	759
30951 ULUKKE/ GRUPPELIVSFORS. AVGIFTSFRI		1000	1000	289
30990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT		58692	58000	39019
31000 KONTORMATERIELL		15000	15000	6406
31020 TRYKKING OG KOPIERING		7000	7000	2550
31210 SERVERING		3000	3000	5100
31220 VELFERDSTILTAK		3000	3000	1440
31300 PORTO		5000	5000	
31310 BANKGEBYR		2000	2000	2051
31320 TELEFON		3000	5000	780
31500 AVGIFTER KURS OG SEMINAR		5000	5000	
31550 REISEUTGIFTER - KURS OG SEMINAR		7000	5000	
31600 REISEGODTGJERSLE TENESTEREISE		5000	5000	945
31850 FORSIKRING		8000	8000	1450
31851 EIGENKAPITALINNSKOT KLP (føres i drift)		17000	13000	16122
31960 KONTINGENTAR/LISENSAR		45000	45000	42817
31980 KOPIERINGSAVTALE		3000	3000	
32000 INVENTAR		5000	5000	
32720 REVISJON		17000	17000	19200
32740 LØN- OG REKNESKAPSTENESTER		40000	40000	
34290 MOMS		8000	8000	11451
37290 MOMS		-8000	-8000	-11451
37700 REFUSJON FRÅ ANDRE		-20000	-20000	-31985
39000 RENTEINNTEKTER		-15000	-15000	
38300 RAMMEOVERFØRING FRÅ KOMMUNEN		-769000	-756000	-756000
BALANSE 4100		392	0	-281712

Funksjon/Ter 4200 KYRKJE MUSIKK

	#	2019	2018 REKNESKAP	
30100 FAST LØN		153600	148000	81753
30140 HELG- OG KVELDSTILLEGG		10000	10000	6318
30150 HELLIGDAGSTILLEGG		12000	10000	11128
30200 VIKARHJELP		10000	8000	6285
30500 ANNA LØNN		3000	0	2000
30900 PENSJONSINNSKOT		24518	23000	13900
30950 KOLLEKTIV ULYKKES OG GRUPPELIVSFORS.		1000	1000	390
30951 ULUKKE/ GRUPPELIVSFORS. AVGIFTSFRI		1000	1000	256
30990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT		22591	21000	12940
31150 KONSERT				49000
31600 REISEGODTGJERSLE TENESTEREISE		5000	5000	3100
31850 FORSIKRING		2000		1763
36200 SAL AV TENESTER		-7000	0	-5000
36210 BILETTINNTEKTER		-15000	-15000	-28000
38300 RAMMEOVERFØRING FRÅ KOMMUNEN		-222000	-212000	-212000
BALANSE 4200		709	0	-56167

Funksjon/Ten 4210 KYRKJER

30100 FAST LØN	#	296100	290000	211564
30140 HELG- OG KVELDSTILLEGG		11000	11000	6512
30150 HELLIGDAGSTILLEGG		17000	18000	15600
30900 PENSJONSINNSKOT		42133	42000	31458
30950 KOLLEKTIV ULYKKES OG GRUPPELIVSFORS.		2000	2000	1003
30951 ULUKKE/ GRUPPELIVSFORS. AVGIFTSFRI		2000	2000	578
30990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT		38821	39000	28212
31100 AKTIVITETSRELATERT FORBRUFSMATERIELL		15000	10000	9323
31200 ANNA FORBRUFSMATERIELL		5000	5000	1520
31600 REISEGODTGJERSLE TENESTEREISE		10000	10000	7733
31800 STRAUM		130000	110000	84766
31900 HUSLEIGE		4000	4000	4172
31850 FORSIKRING		47000	47000	47628
31950 KOMMUNALE AVGIFTER		20000	20000	8167
32300 VEDLIKEHALD AV BYGG		60000	23000	3155
32400 SERVICEAVTALAR BRANN/EL.		5000	5000	3580
32650 ALARMSYSTEMER (FLORØ)		16000	12000	15522
34290 MOMS		30000	30000	30407
35900 AVSKRIVINGAR		61000	61000	
36310 HUSLEIGE INNTEKTER				-1500
37290 MOMS		-30000	-30000	-30407
38300 RAMMEOVERFØRING FRÅ KOMMUNEN		-721000	-650000	-650000
39900 MOTPOST AVSKRIVINGAR		-61000	-61000	
BALANSE 4210		54	0	-171007

Funksjon/Ten 4211 KYRKJESTOVA

31200 ANNA FORBRUFSMATERIELL		7000	5000	3349
31330 INTERNETT		6000	6000	3226
31800 STRAUM		20000	20000	12696
31850 FORSIKRING		4000	4000	3599
32000 INVENTAR		6000	3000	5597
32300 VEDLIKEHALD AV BYGG				4300
32400 SERVICEAVTALE		6000	0	5387
34290 MOMS		8000	8000	8639
35011 RENTEKOSTNADER EIGNE LÅN		35000	35000	17344
35111 NEDBETALING AV LÅN		50000	50000	25131
36310 HUSLEIGEINNTEKTER		-20000	-10000	-11500
37290 MOMS		-8000	-8000	-8639
38300 RAMMEOVERFØRING FRÅ KOMMUNEN		-114000	-113000	-113000
BALANSE 4211		0	0	-43871

Funksjon/Ten 4300 GRAVPLASS

30100 FAST LØN	#	274950	351000	198578
30200 VIKAR		10000	20000	10000
30900 PENSJONSINNSKOT		37044	48000	31100
30990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT		29145	50000	26000
31200 ANNA FORBRUFSMATERIELL		12000	12000	6298
31600 REISEKOSTNADER		8000	8000	3916
31250 GRAVSTELL		6000	6000	

31950 RENOVASJON	26000	26000	13115
32010 UTSTYR	5000	5000	
32310 VEDLIKEHALD AV ANLEGG	35000	10000	
32320 VEDLIKEHALD AV UTSTYR	35000	10000	5978
32700 GRAVING AV GRAVER	150000	120000	
33700 KJØP AV TENSTER BRØYTING MED MEIR	8000	8000	8000
34290 MONS	34000	34000	6348
35900 AVSKRIVINGAR	43000	43000	
36000 SAL AV TENESTER	-3000		-3000
36300 FESTEAVGIFT	-55000	-55000	-4000
37290 MOMS	-34000	-34000	-6348
39400 BRUK AV UBUNDNE FOND	-6000	-82000	
38300 RAMMEOVERFØRING FRÅ KOMMUNEN	-572000	-537000	-537000
39900 MOTPOST AVSKRIVINGAR	-43000	-43000	
BALANSE 4310	138	0	-241015

Funksjon/Ten 4400 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD

31100 AKTIVITETSRELATERT FORBRUKNMATERIELL	flytt til 4410-44	15000	2024
34650 OVERFØRING AV OFFERPENG TIL ANDRE		30000	3294
36000 BRUKARBETALING VED KYRKJELEGE TENESTER		-5000	
38300 RAMMEOVERFØRING FRÅ KOMMUNEN		-10000	-10000
38650 OFFERPENG TIL ANDRE		-30000	
BALANSE		0	-4682

Funksjon/Ter 4410 TRUSOPPLÆRING

	Lø %	#	228000	366000	280681
30100 FAST LØN			3000		3060
30200 VIKAR HJELP			3000		1600
30500 ANNA LØNN			30420	51000	39095
30900 PENSJONSINNSKOT			1000	1000	727
30950 KOLLEKTIV ULYKKES OG GRUPPELIVSFORS.			1000	1000	289
30951 ULUKKE/ GRUPPELIVSFORS. AVGIFTSFRI			28029	41000	30824
30990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT			3000	2000	
31500 AVGIFTER KURS OG SEMINAR			3000	2000	
31550 REISEUTGIFTER - KURS OG SEMINAR			3000	2000	
31600 REISEGODTGJERSLE TENESTEREISE			3000	3000	
31850 FORSIKRING			1000		806
34650 OVERFØRING AV OFFERPENG TIL ANDRE			30000		
37100 REFUSJON SJUKEPENGAR					-34368
37700 REFUSJON FRÅ ANDRE				-131000	-108433
38010 TILSKOT FRÅ KYRKJERÅDET			-150000	-150000	-78009
38300 RAMMEOVERFØRING FRÅ KOMMUNEN	-187000	-187000	-187000		
38600 OFFERPENG			-40000	-30000	-12384
BALANSE 4411			-42551	-28000	-63112

Funk./ten.: 4411 0-9 år (4 år, 6 år og tårnagent)

31100 AKTIVITETSRELATERT FORBRUKNMATERIALE	3000	2000	0
31110 4 OG 6 ÅRSBOK	4000	4000	0
31120 SERVERING	3000	2000	0
36100 EIGENBETALING	-2000	-2000	0
SUM 4411	8000	6000	0

Funk./ten.: 4412 10-13 år (klubb, lys våken)

31100 AKTIVITETSRELATERT FORBRUksMATERIALE	13000	5000	
31120 SERVERING	5000	5000	2290
36100 EIGENBETALING	-3000	-3000	-2400
SUM 4412	15000	7000	-110

Funk./ten.: 4413 14-15 år konfirmantar

31100 AKTIVITETSRELATERT FORBRUksMATERIALE	10000	3000	
31110 BIBEL	5000	5000	
31150 VINTERFESTIVAL PÅ VOSS/LEIR	15000	20000	36200
36100 EIGENBETALING	-20000	-24000	-13500
37700 REFUSJON FRÅ ANDRE			-4305
SUM 4415	10000	4000	18395

Funk./ten.: 4414 16-18 år (16. mai, leiarsamling, frivilligfest)

31100 AKTIVITETSRELATERT FORBRUksMATERIALE	3000	3000	
31120 SERVERING	2000	2000	2765
31120 FRIVILLIGFEST	6000	6000	
36100 BETALING FRÅ DELTAKAR			-1450
SUM 4416	11000	11000	1315
TOTAL BALANSE	0	0	-846320

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/18	Lærdal sokneråd	19.09.2018

Sakshandsamar: Ellen Veum **Arkiv:** KFN - 31 **Arkivsaksnr.** 06/502 - 18

Godkjenning av gudstenesteliste 2019 og tildeling av offer

Kort samandrag:

Lærdal sokneråd får framlegg til gudstenesteliste for 2019 til godkjenning. Lista er satt opp etter mal frå tidlegare år. Det same er tildeling av offer.

Soknerådet ynskte å få framlagt statestikk for deltakarar på ulike type gudstenester og denne ligg vedlagt. Bakgrunnen for dette ønske var at ved gjennomgang av statestikken i samband med årsmelding for 2017 ser vi at deltakartalet går ned. Kva kan soknerådet gjere for å endre denne utviklinga? Statestikken syner at til høgmesse utan dåp er det færrest deltakarar. På høgtidsgudstenester, gudstenester der barn- og unge blir særskild invitert og temagudstenester (hausstakke, advent, minne- og kveldsgudstenester) er og deltakartalet høgare. Når vi har sendt ut invitasjon t.d. ved 1. påskedag og hatt ulike typar musikk innslag ser vi at det kjem fleire til gudsteneste. Lysvåken og kveldsgudstenester har hatt nedgang i høve statestikken. Lysvåken var tidlegare knytt til julegateopning og tenning av juletre, og dette førte nok til fleire tilstades i kyrkja. Det er òg ein nedgang i gjennomsnittet i høve tal deltakarar på til nattverd. Vi har veldig god oppsluttnad til dåp og konfirmasjon slik at variasjon i tala i tabellen kjem av at fødselskulla er ulike. Kor mange som døyper og konfirmerer seg vi påverke deltakarar til gudstenester.

Utdrag frå kyrkjestatistikken

ÅR	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Døypte	19	24	22	22	29	18	16	9	22	19	10	10
Konfirmerte	18	35	26	28	26	25	28	36	19	27	22	23
Vigsel	6	3	5	3	3	4	5	4	1	5	6	5
Gravlagde	24	22	20	22	23	23	28	22	24	19	25	18
Tal gudstenester	48	43	51	43	47	56	49	43	43	45	45	46
Deltakarar på gudsteneste	3981	4204	4309	4536*	3814	3599	3538	3621	3495	3434	2998	2740
Deltakarar pr. gudsteneste	83	97,8	85,5	105,5	81,1	64,3	72,2	84,2	81,3	76,3	66,6	59,6
Gudstenester med nattverd	25	22	21	22	21	24	28	23	15	14	19	18
Gj. snitt tal på nattverd gjester	15	22	28	24,2	17,8	19	18,5	16,2	21,5	21	12,6	10,8

Det vert ikkje lagt fram tilråding i denne saka, det er ynskeleg å soknerådet tek ein gjennomgang på statestikken før gudstenestelista vert godkjend. Nokre år har vi t.d. hatt gudstenester på LAS i staden for høgmesse der vi kan forvente lite deltagarar. Andre år har vi hatt gudsteneste på LAS rett etter gudsteneste. I 2019 er det ikkje lagt opp til gudsteneste på LAS.

Kyrkjeverja si tilråding:

Vedlegg:

Gudstenesteliste 2019

Statistikk gudstenester 2011 - 2017

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

Økonomiske konsekvensar

Vurdering

Gudsteneste 2019

- 06.01 Gudsteneste i Borgund kyrkje kl. 16.00
- 13.01 Gudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 11.00
- 20.01 Inga gudsteneste i Lærdal
- 27.01 Kveldsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00. Kom gjerne i god tid då kyrkjemusikaren vil vere der å spele om lag 20 minutt før, musikkinnslag i gudstenesta
- 03.02 Inga gudsteneste i Lærdal
- 10.02 Gudsteneste i Hauge kyrkje kl. 13.00, morsdag/valentine, offer til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi
- 17.02 Gudsteneste i Tønjum kyrkje kl.11.00
- 24.02 Kveldsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00. Kom gjerne i god tid då kyrkjemusikaren vil vere der å spele om lag 20 minutt før, musikkinnslag i gudstenesta
- 03.03 Tårnagentgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 13.00, ved Helene Langeland, fastelaven, offer til kyrkja sitt barne- og ungdsomarbeid, kyrkjekaffi
- 10.03 Gudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 11.00
- 17.03 Gudsteneste i Borgund kyrkje kl. 16.00
- 24.03 Inga gudsteneste i Lærdal
- 31.03 Kveldsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00. Kom gjerne i god tid då kyrkjemusikaren vil vere der å spele om lag 20 minutt før, musikkinnslag i gudstenesta
- 07.04 Ung Messe i Hauge kyrkje kl. 13.00 ved Helene Langeland, offer til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi?
- 14.04 Inga gudsteneste i Lærdal
- 18.04 Skjærtorsdagsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00
- 19.04 Langfredagsgudsteneste i Borgund kyrkje kl. 11.00, oppstart kl. 10.00 Rimskjold, vandring langs Vindhellavegen.
- 21.04 Høgtidsgudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 13.00, offer til Kirkens Nødhjelp.
- 28.04 Inga gudsteneste i Lærdal
- 01.05 Gudsteneste i Hauge kyrkje kl.13.00
- 05.05 Jubileumsgudsteneste Hauge kyrkje?? (vigsla 06.05.1869)
- 12.05 Gudsteneste i Borgund kyrkje kl. 16.00
- 17.05 Gudsteneste i Hauge kyrkje kl. 10.30 ??

- 19.05 Inga gudsteneste
- 25.05 Konfirmasjonsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 11.00 ved Helene Langeland, offer til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid
- 02.06 Konfirmasjonsgudsteneste i Borgund kyrkje kl. 11.00 ved Helene Langeland, offer til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid
- 09.06 Konfirmasjonsgudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 11.00 ved Helene Langeland, offer til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid
- 16.06 Marknadsgudsteneste i Kvammegården kl. 12.00 ved Helene Langeland
- 23.06 Avskilsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 13.00 ved Helene Langeland
- 30.06 Inga gudsteneste i Lærdal
- 07.07 Gudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 11.00
- 14.07 Gudsteneste i Hauge kyrkje kl. 13.00
- 21.07 Inga gudsteneste i Lærdal
- 28.07 Inga gudsteneste i Lærdal
- 29.07 Olsokgudsteneste i Borgund stavkyrkje kl. 18.00
- 04.08 Gudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 11.00
- 11.08 Inga gudsteneste i Lærdal
- 18.08 Gudsteneste i Hauge kyrkje kl. 13, 6 åringane vert særskild invitert, kyrkjekaffi, offer til kyrkja sitt barne og ungdomsarbeid
- 25.08 Kveldsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00. Kom gjerne i god tid då kyrkjemusikaren vil vere der å spele om lag 20 minutt før, musikkinnslag i gudstenesta.
- 01.09 Inga gudsteneste i Lærdal
- 08.09 Hausttakkegudsteneste i Hauge kyrkje kl. 13.00, presentasjon av konfirmantane, offer til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi.
- 15.09 Hausttakkegudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 11.00, presentasjon av konfirmantane, offer til kyrkja sitt barne og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi.
- 22.09 Hausttakkegudsteneste i Borgund kyrkje kl. 16.00 ved Helene Langeland, presentasjon av konfirmantane, offer til kyrkja sitt barne og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi
- 29.09 Kveldsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00. Kom gjerne i god tid då kyrkjemusikaren vil vere der å spele om lag 20 minutt før, musikkinnslag i gudstenesta.
- 06.10 Inga gudsteneste
- 13.10 Inga gudsteneste

- 20.10 Gudsteneste i Borgund kyrkje kl. 16.00
- 27.10 Kveldsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00. Kom gjerne i god tid då kyrkjemusikaren vil vere der å spele om lag 20 minutt før, musikkinnslag i gudstenesta
- 03.11 Minnegudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00
- 10.11 Gudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 11.00, utdeling av 4 årsbok, offer til kyrkja sitt barne og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi
- 17.11 Inga gudsteneste
- 24.11 Kveldsgudsteneste i Hauge kyrkje kl. 19.00. Kom gjerne i god tid då kyrkjemusikaren vil vere der å spele om lag 20 minutt før, musikkinnslag i gudstenesta.
- 01.12 Lys våken/lysmesse i Hauge kyrkje kl. 15.00, offer til kyrkja sitt barne og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi
- 08.12 Smakfull gudsteneste i Borgund kyrkje kl. 16.00, offer til kyrkja sitt arbeid.
- 15.12 Lysmesse i Tønjum kyrkje kl. 16.00, konfirmantane deltek, offer til kyrkja sitt barne og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi
- 22.12 Inga gudsteneste i Lærdal
- 24.12 Julegudsteneste i Borgund kyrkje kl. 14.00, offer til Kirkens nødhjelp
- 24.12 Julegudsteneste i Hauge kyrkje kl. 16.00, offer til Kirkens nødhjelp
- 25.12 Gudsteneste i Tønjum kyrkje kl. 13.00, offer til Kirkens nødhjelp
- 30.12 Inga gudsteneste i Lærdal
-

Type gudsteneste	Kyrkje	info-11	2011	info-12	2012	info-13	2013	info-14	2014	info-15	2015	info-16	2016	info -17	2017				
Høgmesse med dåp	Borgund	0	0	0	0	0	0	1	93	0	0	1	51	0	0				
	Hauge	2	33	1	33	0	0	1	41	3	34	2	77	1	45				
	Tønium	4	39	5	65	2	36	2	41	1	48	1	51	2	51				
Høgmesse utan dåp	Borgund	3	13	2	7	2	11	2	6	1	6	3	11	3	18				
	Hauge	1	15	4	15	1	16	4	16	1	7	4	15	3	11				
	Tønium	4	7	2	13	5	14	1	9	3	41	5	13	6	15				
Sum høgmesse		14		14		10		11		9		16		15					
Høgtider; påske																			
Skjærtorsdag	Hauge	64		47	Tønium	43		49	Hauge	40	Hauge	33	Hauge	38					
Langfredag	Borgund	1	dåp	33	1	dåp	54		31	50		37		42					
Påskedag	Tønium	22		48			59	4	dåp	130		110		27					
Høgtider; jul																			
Julemesse	Borgund	136		133		110		115		150		130		135					
Julemesse	Hauge	300		315		330		330		340		330		325					
Juledag	Tønium	97		86		75	1	dåp	84	52		84		80					
Hausttakkefest	Borgund	37	tårmag		49			1	dåp	47	tårna	75	1	dåp	105				
Hausttakkefest	Hauge	171	1	dåp	160	85		105		105		130	1	dåp	85				
Hausttakkefest	Tønium	103	1	dåp	99	1	dåp	70	1	dåp	94	3	dåp	108	38	4-årsbok	89		
Lysmesse	Borgund	1	dåp	56	73	65		75		43		43		35					
Lysmesse	Tønium	44		53		40		85		103		135		78					
Kvelsgudsteneste	Hauge	2	42	5	37	5,	1	dåp	39	5*	70	5	26	4	28	6,	1	dåp	23
Minnegudsteneste		93	Borgund	31	Tønium	70	Hauge	49	Borgund	36		0		Borgund	36				
Konfirmasjon	Borgund	109		71		58		147		68		0		116					
Konfirmasjon	Hauge	405		205	2	318		268		370		390		270					
Konfirmasjon	Tønium	175		200		250		135		215		150		184					
Ung messe	Borgund	57		71	H,	1	dåp	123	Hauge	78	Hauge	70	Tønium	70	Borgund	85			
Kyammegarden		1	dåp	224		110		100	3	dåp	220	1	dåp	150		114			
1. mai	Hauge	36		26		24		30		30	1	dåp	80		26				
17. mai	Hauge	Borgund	54	1	dåp	89		72		57		64		92		50			
Kristi himmelfartsdag	Hauge														13				
Lys vaken	Hauge	215		260		430		190		185	27	av	65	110	28	av	50		

Tårnagentar		Hauge	89	Borgund	110	Hauge	95	Borgund	69	H, 2 dåp	117		17 av 35
Utdeling av 4-årsbok	Hauge		83		132	1 dåp	105	1 dåp	95	3 dåp	115		135
Utdeling av 6-årsbok	Hauge		88		49	Tønium	117	Hauge	135	Hauge	93	11 av 21	1.mai
Juniorkonfirmantar		Hauge	104	Hauge	60	Tønium	75	Hauge	50		63	7 av 22	69
Skulegudsteneste, Jul	Tønium		1	65			67			50		52	
Olsokgudsteneste	Stavkyrkja		17		31		38		35		14	2 dåp	75
Dementigudsteneste	Hauge		0	0	2	26	1	30	1	25	1	22	0
Jazzmesse	Tønium								50			0	1
Sjukeheimsrudstene	LAS									2	32	2	33

*frivilliggudst, soknemøte, solidaritetsgudstenste dreg opp dette talet.

Høgmesse Tønium 2015 har ekstra høgt snitt fordi vi sendte ut invitasjon til Valentine gudsteneste + for dei over 67 +

Høgmesse Borgund er inkl turistar

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/18	Lærdal sokneråd	19.09.2018

Sakshandsamar: Ellen Veum **Arkiv:** **Arkivsaksnr.** 18/617 - 3

Referatsaker

Referatsaker:

1. Frivilligfest
2. Prestesituasjonen i Lærdal